



## MØTEBOK

|                 |   |
|-----------------|---|
| <b>Organ</b>    | <b>Fylkesutvalet</b>                          |
| <b>Møtestad</b> | <b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b> |
| <b>Møtedato</b> | <b>28.08.2019</b>                             |
| <b>Kl.</b>      | <b>10:40 – 15:20</b>                          |

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Forfall til møtet:**

**Hilmar Høl, Ap**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Varamedlemer til stades:**

**Jakob André Sandal, SV**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Trude Brosvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet tok pause i møtet frå kl. 11.50 til kl. 13.35 for å delta i dåpen av Redningsselskapet si skøyte «RS 167 UNI Sognefjord», som skal ha base på Leikanger.

*Munnlege orienteringar:*

1. Fylkesrådmannen orienterte om møte 28. august mellom fylkeskommunen og Naustdal kommune vedkomande etablering av mineralråd.
2. Fylkesrådmannen orienterte om status i saka om valretten til styra for dei tre bustadstiftingane ved sjukehusa i fylket.
3. Fylkesordføraren orienterte frå nyleg halde møte om hurtigbåtrute Bergen – Ålesund.
4. Fylkesordføraren svarte på spørsmål frå Trude Brosvik om fylkesveg 5715 Måløy – Vågsvåg.
5. Sogn og Fjordane Energi AS: I tilknyting til skriv 15 a – c i sak 72/19 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen og adv. Per Andreas Bjørgan, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-293. Fylkesutvalet fann Jakob André Sandal habil til å ta del ved den etterfølgjande drøftinga i utvalet. Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til opplegget som vart skissert i presentasjonen.

**SAK 67/19      Høyringsinnspel til høyring om endring av forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkeskommunen må framleis ha heimel til å kunne gjere unntak etter UU-forskrifta § 8.
2. Det må framleis vere mogleg å kunne nytte formålstenlege køyretøy i distriket.
3. Fylkeskommunen og Statens vegvesen bør ha ein felles dialog (eit forum) for vurdering av køyretøy som skal tilpassast rullestolbrukar i tråd med UU-forskrifta.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg som tillegg:

Fylkesutvalet meiner, uavhengig av kven som gjev unntak, at dei som treng tilrettelagt biltransport får det til same pris som andre brukarar.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Innleiing før eksisterande punkt:

Fylkesutvalet er uroa over konsekvensar for drosjenæringa i distrikta ut frå forskrift- og regelendringar som vert gjennomført. Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv er ein del av dette biletet. Difor vil fylkesutvalet vektlegge følgjande:

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og endringsframlegga vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet er uroa over konsekvensar for drosjenæringa i distrikta ut frå forskrifts- og regelendringar som vert gjennomført. Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. er ein del av dette biletet. Difor vil fylkesutvalet vektlegge følgjande:

1. Fylkeskommunen må framleis ha heimel til å kunne gjere unntak etter UU-forskrifta § 8.
  2. Det må framleis vere mogleg å kunne nytte formålstenlege køyretøy i distriket.
  3. Fylkeskommunen og Statens vegvesen bør ha ein felles dialog (eit forum) for vurdering av køyretøy som skal tilpassast rullestolbrukar i tråd med UU-forskrifta.
  4. Fylkesutvalet meiner, uavhengig av kven som gjev unntak, at dei som treng tilrettelagt biltransport får det til same pris som andre brukarar.
- 

**SAK 68/19      Fylkestinget erklærer klimakrise i Sogn og Fjordane, jf. kommunelova kap. 6A om innbyggarinitiativ**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klimakrise. Vi erkjenner at fylket står overfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrensar.
3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klimakrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.

4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.
- 

**SAK 69/19      Luster kommune - høyring angåande Skogadalsbøen Mikrokraftverk**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet er positiv til etablering av eit mikrokraftverk i Skogadøla som kan erstatte bruk av diesellaggregat som energikjelde for drift av turisthytta.
2. Tiltaket ligg i Utladalen landskapsvernområde, og ein føreset at det vert lagt stor vekt på god tilpassing av anlegget til terren og vegetasjon, og på avbøtande tiltak, inkludert minstevassføring og hekkekasse for fossekall.

----//----

Fylkesutvalet fann Aleksander Øren Heen habil til delta ved handsaming av saka.

---

**SAK 70/19      Nasjonal ramme for vindkraft**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet tilråd ikkje ei nasjonal ramme med utvalde område for vindkraft i Sogn og Fjordane. I vidare forvaltning og handsaming av konsesjonssaker vil vi likevel leggje vekt på kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd. NVE bør fortsetje arbeidet med å byggje opp eit samla kunnskapsgrunnlag for vindkraft.
2. Ny regional plan for vindkraft, eller ein samla regional plan for energi, kan vere ei løysing for å styre utbygging på regionalt nivå. Dette kan vurderast i planstrategien for nye Vestland fylke.
3. Ny kunnskap om negativ utvikling for økosystem, naturtypar og artar, og auka bruk av areala til friluftsliv og turisme, bør leggjast til grunn for vidare forvaltning av fjellområda. Det må vidare nyttast nok tid og ressursar på å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag for ein berekraftig bruk av areala. Utvikling av ny fornybar energi bør ikkje gå på bekostning av viktige nasjonale kulturarvverdiar og kulturhistoriske landskapskvalitetar, naturmangfold, friluftsliv og større samanhengande natur- og kulturlandskapsområde.
4. I det grøne skiftet må ein sjå på alle moglegheiter for å skaffe ny fornybar energi, inkludert energieffektivisering, oppgradering av eksisterande kraftverk og å leggje til rette for at ny teknologi - som havvind - skal bli konkurransedyktig. Staten må, gjennom lovgiving, måten å skattlegge på mv, leggje til rette for ei framtidsretta energiutvikling.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1:

Fylkesutvalet tilrår å halde fram med ei nasjonal ramme med utvalde område for vindkraft, då vi trur ei avvikling av ho vil opne for meir press for å stille lokale område til gjengeleg for utbygging. Kunnskapsgrunnlaget for den nasjonale ramma må vere viktig for vidare arbeid med søknader. Innanfor den nasjonale ramma skal kvart fylke vedta ein regional plan, og kommunestyra (evt fylkestinget der fleire kommunar er involverte) skal ha avgjerande mynde i sak om konsesjon.

**Arbeidarpartiet** sette fram slike framlegg:

Punkt 2 blir nytt punkt 1 med følgjande tillegg: Fylkesutvalet viser til at Sogn og Fjordane alt i 2011 vedtok ein regional plan for vindkraft, og såleis har erfaring med dette planverktøyet.

Punkt 1 blir nytt punkt 2.

**Avrøysting:**

Trude Brosvik røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti og framlegget vart såleis forkasta. Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå Arbeidarpartiet vart deretter samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Ny regional plan for vindkraft, eller ein samla regional plan for energi, kan vere ei løysing for å styre utbygging på regionalt nivå. Dette kan vurderast i planstrategien for nye Vestland fylke. Fylkesutvalet viser til at Sogn og Fjordane alt i 2011 vedtok ein regional plan for vindkraft, og såleis har erfaring med dette planverktøyet.
2. Fylkesutvalet tilrår ikkje ei nasjonal ramme med utvalde område for vindkraft i Sogn og Fjordane. I vidare forvaltning og handsaming av konsesjonssaker vil vi likevel legge vekt på kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd. NVE bør fortsetje arbeidet med å byggje opp eit samla kunnskapsgrunnlag for vindkraft.
3. Ny kunnskap om negativ utvikling for økosystem, naturtypar og artar, og auka bruk av areala til friluftsliv og turisme, bør leggjast til grunn for vidare forvaltning av fjellområda. Det må vidare nyttast nok tid og ressursar på å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag for ein berekraftig bruk av areala. Utvikling av ny fornybar energi bør ikkje gå på bekostning av viktige nasjonale kulturarvverdiar og kulturhistoriske landskapskvalitetar, naturmangfold, friluftsliv og større samanhengande natur- og kulturlandskapsområde.
4. I det grøne skiftet må ein sjå på alle moglegheiter for å skaffe ny fornybar energi, inkludert energieffektivisering, oppgradering av eksisterande kraftverk og å leggje til rette for at ny teknologi - som havvind - skal bli konkurransedyktig. Staten må, gjennom lovgiving, måten å skattlegge på mv., leggje til rette for ei framtidsretta energiutvikling.

---

**SAK 71/19**

**Høyring om endra vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går mot forslag til endringar i vedtekten §§ 4 og 7 for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til forslag til endringar i vedtekten sine §§ 3, 6, 9, og 11 for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

## **SAK 72/19 Skriv og meldingar fylkesutvalet 28. august 2019**

### **Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1: Fylkestinget 10. desember 2019
- 2: Administrative oppfølgingsbrev etter FT sitt vedtak i sak 31/19 - budsjettprøve 1. tertial 2019:
- 2a: Svar - Søknad om investeringsmidler til fellesmagasin i Angedalen
- 2b: Melding om vedtak - Prosjekt: Infrastruktur ved Njøs eideid som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter
- 2c: Melding om vedtak - Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærnæringa i Sogn og Fjordane
- 2d: Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Prosjekt: Fjordane Virtuelle Campus – Vedtaksbrev
- 2e: Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Utvikling og etablering av kunnskapssenter skred – vedtaksbrev
- 2f: Vedk. tilsvarende om søknad om tilskot til Fellesmagasin Angedalen
- 2g: Status – større søknader som fekk løving gjennom tertial 1/19
- 3: Kraftfylka - Etter ferien kommer skatteforslagene
- 4: Brev fra OED datert 18. juni 2019 - Svar på henvendelse om utjevning av nettleie
- 5: Innspel fra Vestlandsrådet datert 27. juni 2019 - Felles innspill fra Vestlandsrådet til NTP-arbeidet 2022-2033
- 6: Fusjon mellom Ferde AS og Ryfast AS – Fusjonsplan
- 7: Brev fra Nasjonal rassikringsgruppe til KMD og SD datert 28. juni 2019 - Anmodning om snarlig møte med Nasjonal rassikringsgruppe
- 8a: Nordsjøkommisjonen - nyheitsbrev juli
- 8b: Nordsjøkommisjonen - Beach cleaning
- 9a: Stamvegutvalet E16 - årsmøte 28. juni 2019 - referat
- 9b: Stamvegutvalet E16 - årsmelding 2018
- 10: Notat fra reisa til OTC (Offshore Technology Conference) i Houston mai 2019
- 11a: Søknad fra Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS
- 11b: Søknadstekst
- 11c: Vedlegg søknad  
**Vedtak:** Fylkesutvalet har ikke merknader til fylkesrådmannen si vurdering i notatet.
- 12: Høyringssvar - Forslag til lov om offentlege organ sitt ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova)
- 13: Brev fra Selje kommune datert 14. august 2019 - Hurtigbåtruta Bergen – Nordfjord
- 14: Regionreforma - Invitasjon til drøftingsmøte med Kulturdepartementet om oppgåvefordeling på kulturområdet
- 14 vedlegg 1: Invitasjon til fylkeskommunene - drøftingsmøter av oppgavedeling på kulturområdet
- 14 vedlegg 2: Til drøfting - tilskuddsposter sortert per fylke
- 14 vedlegg 3: Oversyn over regionale kulturverksemder med statleg tilskot
- 14 vedlegg 4: Regionreforma - Invitasjon til drøftingsmøte med Kulturdepartementet om

oppgåvefordeling på kulturområdet

15a-c: Notat frå Lund & Co: Løypemelding 3/2019  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 fjerde ledd*

16: Ningxia delegation`s visit to Norway - e-post og vedlegg

17: Uttale NOU 2019:11 «Enklare meirverdiavgift»

**Vedtak:** Fylkesutvalet gir fylkesordføraren fullmakt til å utarbeide ei fråsegn frå fylkeskommunen i tråd med det utkastet ho presenterte og dei innspela som kom fram i møtet.

---